

ORDENSREGLAR FOR SYMJEUNDERVISINGA – EIDSDAL SKULE

REISA TIL VALLDAL

- * Vi går samla nedover. Ingen skal sykle, eller fare innom heimen for å hente symjebag o.l.
- * Vi sit samla på ferja, og vi sit i ro. Føtene skal sjølvsagt ikkje vere på bordet eller i seta. Elevane gjev beskjed dersom dei evt. må på toalettet. Høgt støynivå med roping, hyling, banning og kalling er sjølvsagt fullstendig uakseptabelt!
- * Vi går ikkje på dekk før læraren gjev signal om det, og vi går fint! På dekk står vi ikkje i vegen for ferjemannskapet - og ikkje mellom bilane. Vi held avstand til ferjelemmen.
- * Vi går fint til og frå bussen, trengjer oss ikkje fram i bussdøra, og slåss heller ikkje om plassane !

I GARDEROBEN

- * Vi har orden på sakene våre, tek omsyn til andre vi evt. deler garderobe med, og gjer oss raskt klare til undervisninga.
- * Alle dusjar og vaskar seg skikkeleg, *utan badeklede*, før dei går i bassenget.

I BASSENGET

- * Elevane skal bruke passende symjeklede. Grunngeving: I symjing er det viktig å redusere motstanden i vatnet. Det seier seg sjølv at meir klede enn normalt symjeutstyr, aukar motstanden. Særskilt for elevar som har svak symjedugleik, strir det mot all fornuft om desse i tillegg skal ha uhensiktsmessige klede.
- * ”Tyggis” er forbode.
- * Det er forbode å springe på bassengkanten, og likeeins å dukke eller forstyrre andre.
- * Ved fløytesignal skal alle umiddelbart kome til ro og høyre etter.
- * Dersom det skjer ei ulukke, må alle lyde ordre frå lærar straks, utan unødige spørsmål. Alarmplanen for bassenget skal gjennomgåast kvart år, slik at alle kjenner han godt.

FRITAK FRÅ SYMJINGA.

Ungdomstrinnet:

Elevar som ikkje skal delta i symjeundervisninga kan vere med på symjinga eller vere på skulen og arbeide med teori i tilknytning til kroppsøvingsfaget. Faglærer avgjer frå gong til gong, og syter ev. for tilpassa opplegg, og arbeidet skal leverast til faglærer som vurderer dette som ein del av kroppsøvingsfaget. Det er ikkje høve til å gjere lekser.

Barnetrinnet:

Elevar som ikkje skal delta i symjeundervisninga, kan vere med på symjinga eller vere att på skulen og gjere arbeid etter avtale med faglærer. Faglærer avgjer frå gong til gong. Som hovudregel er det ikkje høve til å gjere lekser.